



Arkiv saknr:	04/2038
Løpenr.:	10330/04
Arkivkode:	200/&13

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet	30.09.2004	04/109

Sakshandsamar: Jan Myrekrok

Høyring om skatteoppkrevjarutvalets utgreiing - NOU 2004:12 - Betre skatteoppkrevjing

Dokument i saka:

Høyring om skatteoppkrevjarutvalets utgreiing - NOU 2004:12 - Betre skatteoppkrevjing

Bakgrunn:

I Noreg er det fellesinnkrevjing av inntektsskatt, formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgivaravgift på vegne av alle skattekreditorar. Disse skattekreditorane er staten, fylkeskommunane, kommunane og folketrygda. Fellesinnkrevjinga utføres av dei kommunale skatteoppkrevjarane, som også fører skatteregnskap og utøver skattekontroll (arbeidsgivarkontroll) på fellesinnkrevjinga sitt område. I 2004 omfattar fellesinnkrevjinga snautt 400 milliardar kroner, derav ca ein fjerdedel til kommunane og fylkeskommunane, og ca tre fjerdedelar til staten og folketrygda. Dei øvrige statsskattar og avgifter for 2004 utgjer omlag 300 milliardar kroner, og innkrevast av statlige innkrevingsmynde (skattefutar, tollkasserarar og Statens innkrevjingssentral m.v.). Dette omfattar petroleumsskattar, meirverdiavgift, arveavgift, toll og særavgifter, skatt utlikna ved Sentralskattekontoret for utanlandssaker, m.v. Utanom fellesinnkrevjinga har dei kommunale skatteoppkrevjarar normalt også ansvaret for innkrevjinga av rent kommunale skattar m.v., bl. a. eiedomsskatten.

Stortinget har fleire gonger det siste tiåret behandla problemstillingar knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen. Utgangspunktet for behandlinga har bl.a. vært Riksrevisjonens redegjørelser for undersøkingar vedrørande gjennomføring av stadlig arbeidsgivarkontroll og innføring av uteståande skattar og avgifter. I St.prp. nr. 63 (2001-2002) Tilleggslovvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet medregnet folketrygda 2002 varslet Finansdepartementet om at det ville gjennomføre ei brei utredning av tiltak for resultatforbetring av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Skatteoppkrevjarutvalet ble oppnemnt 26. mai 2003 og leverte sin utredning til Finansdepartementet 12. mai d.å.

Utvalets mandat har vært å vurdere og å foreslå tiltak som kan gje resultatforbetringar av skatteoppkrevjarfunksjonen, både innanfor ein fortsatt kommunal organisering av funksjonen og alternativt innanfor ein statlig organisering.

Vurdering:

Stortinget har, som nemnt over, fleire gonger det siste tiåret behandla problemstillingar knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen. Stortinget har kvar gong avvist å statleggjere innkrevjinga. Byråkratane i Finansdepartementet og Skattedirektoratet gjev seg som kjent utan sverdslag, og difor kjem denne saka stadig opp gjennom ulike innfallsvinklar. Så står det att å sjå om stortingspolitikarane også denne gongen vil stå på den oppgåvefordelinga som gjev best innfordrning.

Rådmannen meiner i utgangspunktet, at alle forslaga til forbetringstiltak kan gjennomførast også innanfor fortsatt kommunal organisering. Under vil ein ta ein gjennomgang av kva som taler for fortsatt kommunalt ansvar for dette.

Når det gjeld organisering talar dei aller fleste argument for fortsatt kommunalt ansvar. Dei kommunale skatteoppkrevjarane kan dokumentere gode resultat på skatteinnkrevjing, og dette gjeld også Vinje kommune.

Ved å statliggjere skatteinnkrevjinga vil dette medføre ei sentralisering og dårlegare tilgang til offentlege tenester i lokalmiljøa. Ved å dra innkrevjinga vekk frå kommunane vil det redusere sjansane for folkevalt innsyn i skatteinnkrevjinga.

Ut frå forslaget er det tatt utgangspunkt i ein modell der det etablerast eigne regionkontor for tvangsinnfordring og der frivillig betaling, skatteregnskap og arbeidsgjevarkontroll skal handterast av likningskontora. Dette vil i praksis seie at det blir liten eller ingen bruk for tilsette ved skatteavdelinga i kommunen, og personar vil måtte flytte til sentrale regionskontor. For Vinje kommune vil dette mest sannsynlig bli i Skien. Dette vil få store konsekvensar for de personane det gjeld, og ikkje minst for kommunen ved at ein drar vekk personar som i dag sit med høg kompetanse på innfordring. Pr i dag veit vi at desse personane også deltek i innfordring av øvrige kommunale krav. Dei som er skuldig skatt, skylder også ofte kommunale krav. Då skjønar ein at når dette skal splittast opp, vil desse fordelane vi i dag har ved at vi kan jobbe mot alle type krav samstundes, bli vesentleg forverra.

Sjansane for å oppretthalde levedyktige innkrevingsmiljø, spesielt i små kommunar, blir mye dårlegare.

Ein har vidare foreslått å skilje frivillig betaling og tvanginnkrevjing frå kvarandre ved å plassere dei i forskjellige organisasjonar. Dette vil, for skattytarane, brukarane av våre tenester virke uryddig og rotete, og det vil i praksis vanskeleggjare god kommunikasjon.

Ein meiner at utvalet ikkje har foretatt gode nok konsekvensanalysar av denne type organisering, både når det gjeld kostnader og dei praktiske, daglege gjeremål.

Som påpeika over, er det mange gode argument for fortsatt kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga. Vi veit at dei kommunale skatteoppkrevjarane, inkl. Vinje kommune, klarer å krevje inn mellom 99% og 100% av all utlikna skatt. Det viser seg også at små kommunar har like gode resultat som store kommunar. Dette går veldig mykje på lokalkunnskap og den fordelen dette gjev. Samtaler mellom oppkrevjar og skattyter er viktig. Vi vet og at staten har større restansar på innkrevjing av meirverdiavgift enn kommunane har på skatt og arbeidsgivaravgift. Kvifor gjer ein då dette, før ein sikkert veit at innkrevjinga blir betre i staten.

Pr i dag har ein det systemet at utlikning av skatt skjer i staten v/likningskontoret, og innkrevjing skjer av kommunane. Dette gjev den beste rettstryggleiken for skattytarane.

Ved statleggjing vil staten foreta begge operasjonane – eit "bukk og havresekk"-system.

Når det gjelder brukarservice, så meiner vi at tilgjenge og kundebehandling er betre i kommunen i dag, og vil bli dårlegare ved ei sentralisering. Kommunalt ansvar medfører effektiv drift og ressursbruk ved at skatteinnkrevjing gjennomføres i same miljø som innfordring av øvrige kommunale krav og fakturering.

Ein kjem heller ikkje utanom at kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga har distriktspolitiske konsekvensar.

Kort veg for næringslivet til ein av sine offentlege samarbeidspartnarar er viktig.

Den føreslegne statlige organisasjonsmodellen legg opp til at frivillig betaling og tvangsinnkrevjing skillast frå kvarandre og plasserast høvesvis på likningskontoret og i ein eigen innfordringsinstans. Dette vil verke stigmatiserande for skattytarane. Ved ein slik stor omorganisering vil det også pålaupe store kostnader. Ein reknar og med at provenytapet ved dårlegare innfordring, i ei overgangsperiode vil bli så stort, at det vil ta fleire år å komme opp på eit normalt akseptabelt nivå att.

Det nemnast at Kommunanes Sentralforbund har gjeve si høyringsuttale allereie ved vedtak i KS' sentralstyre 18. mai 2004. Dei er svært klåre i si uttale, og gjekk samrøystes inn for fortsatt kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga.

Konklusjon:

Vinje kommune meiner at skatteinnfordringa framleis må vere ei kommunal oppgåve, ut frå de erfaringar vi har mht gode resultat på skatteinnkrevjinga.

Vinje kommune er samd i at det kan finnes forbettringspotensiale, men at dette kan gjennomførast innanfor framleis kommunal organisering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vinje kommune syner til saksutgreiinga og går sterkt imot at staten overtar skatteoppkrevjarfunksjonen.
--

Rådmannen, 07.09.04

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

Vedtak i Formannskapet 30.09.2004:

VEDTAK: Samrøystes

Framlegg vart vedteke

Vinje kommune syner til saksutgreiinga og går sterkt imot at staten overtar skatteoppkrevjarfunksjonen.